
Saksnr: 2020/36920-2**Saksbehandlar** Svein Hågård**Dato:** 24.08.2020

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Evaluering av ordninga med fylkesvise mobbeombod - løypemelding

I PS-sak 72/20 gjorde fylkestinget vedtak om mandat for mobbeomboda og elev- og læringomboda. Fylkestinget bad også om at fylkesrådmannen legg fram ei ny politisk sak når den nasjonale evalueringa av ordninga med mobbeombod ligg føre.

Velferdsforskningsinstituttet NOVA har evaluert mobbeombodsordninga på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. I slutten av juni la NOVA fram rapporten «Evaluering av ordning med fylkesvise mobbeombud for barnehage og grunnskole»:

https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf

NOVA gjorde desse hovudfunna:

- Mobbeomboda si plassering i fylkeskommunen vert opplevd som uavhengig, men einsam.
- Mobbeombodet si personlege erfaring og karrierebakgrunn formar rolla.
- Mobbeomboda opplever rolla si som «midt mellom skulen og Fylkesmannen».
- Mobbeomboda nyttar meir tid på skulesektoren enn på barnehagesektoren.
- Mobbeomboda følgjer opp enkeltsaker frå elevar og foreldre, men støtter også skulen i å hjelpe eleven eller foreldra på ein meir føremålstenleg måte.
- Skuleeigarar og barnehagesektoren er nøgde, men kjennskapen til mobbeombodet er varierende.
- Foreldre og elevar kjenner ikkje særskild godt til ordninga eller kva mobbeombodet kan hjelpe med, men meiner det er behov for ordninga.

NOVA-rapporten vert avslutta med eit sett av spørsmål som NOVA håpar kan gje retning for den vidare diskusjonen om utviklinga av denne ombodsordninga:

- Vil det å opprette ein nasjonal organisasjon for mobbeomboda for barnehage og grunnskule vere eit alternativ til å plassere omboda i fylkeskommunen?
- Viss ordninga med mobbeombod for barnehage og grunnskule framleis skal administrerast som ein del av den fylkeskommunale organisasjonen; skal det setjast krav til fylkeskommunen som arbeidsplass og arbeidsgjevar for mobbeomboda?
- Skal det leggjast klarare føringar på korleis mobbeomboda kan rapportere til kommunane og korleis kommunane kan følgje opp rapporteringa?
- Skal det vere ei normering i talet på einingar/elevar/barn som mobbeomboda har ansvar for?

- Skal det i større grad leggjast føringar på korleis mobbeomboda kan ivareta retten barn har til å bli høyrte og barnas beste i saker som gjeld det psykososiale miljøet i skular og barnehagar?

Utdanningsdirektoratet er no i ferd med å gjere ei heilskapleg vurdering av alle dei eksisterande tiltaka som er knytta til arbeidet med læringsmiljø og mobbing. Rapporten frå NOVA er med og dannar grunnlaget for vurderinga, som direktoratet skal levere til Kunnskapsdepartementet i desember i år.

Fylkesrådmannen tek sikte på å kome tilbake med ei ny politisk sak, slik fylkestinget har bede om, når Kunnskapsdepartementet, eventuelt Stortinget, har fastsett korleis ombudsstrukturen skal vere framover.